

2023

Verksemdsplan – Hjellbakkane Barnehage



Hjellbakkane Barnehage

Gamletufta 3, 6100 Volda

03.11.2023

Innhold

Hjellbakkane Barnehage.....	2
Visjon.....	3
Verdiar.....	3
Profil	4
Uteområdet i barnehagen.....	4
Turar.....	5
Uteveker.....	6
Organisering	7
Årsplan – årshjul.....	7
Progresjon.....	8
Tilvenning i barnehagen	8
Overgang fra barnehage til skule.....	10
Omsorg og danning	10
Barna sin medverknad	11
Leik	12
Vennskap og sosial kompetanse	12
Fagområde i barnehagen.....	13
Natur, miljø og teknologi.....	14
Kommunikasjon, språk og tekst	15
Kropp, rørsle, mat og helse.....	16
Kunst, kultur og kreativitet.....	17
Mengd, rom og form.....	18
Nærmiljø og samfunn	19
Etikk, religion og filosofi	19
Foreldrearbeid.....	20

Hjellbakkane Barnehage

Hjellbakkane barnehage er ein ideell privat barnehage tufta på ein natur- og friluftsprofil. Barnehagen vart opna i 1987, og er organisert i ei stifting med eigne vedtekter. Stiftinga vart skipa fredag 6.mars 1987. I dei første vedtekten står det at «Stiftinga har som føremål å eige og drive privat barnehage for medlemane i foreldrelaget Hjellbakkane Vel og andre, så langt plassane rekker, i samsvar med barnehagelova sine reglar».

Stiftinga Hjellbakkane barnehage har til en kvar tid tolv representantar. Stiftinga sett saman eit styre, valt på årsmøte kvart år. Styret står som eigar av barnehagen i den perioden dei er valt for (jmfr. Føretaksregisteret). Styret er hovudansvarleg for barnehagen si drift, og ansvaret for den daglege drifta er gitt til dagleg leiar/styrar. Hjellbakkane barnehage er ei pedagogisk verksemd for barn frå 0 – 6 år. Drifta er forankra i barnehagelova med forskrifter, mellom anna rammeplan for barnehagen sitt ansvar og sine oppgåver.

Det økonomiske grunnlaget for barnehagen si drift er basert på offentlege tilskot og foreldrebetaling. Hjellbakkane barnehage følgjer Volda kommune sine rutinar og retningsliner, mellom anna i høve samordna opptak.

Allereie frå den første årsplanen i 1988, ser vi at dei tilsette i Hjellbakkane barnehage var opptatt av å bygge relasjonar med kvarandre, og med naturen og nærmiljøet rundt barnehagen. Dei var tidleg bevisste på at «**Hjellbakkane barnehage skal fremje fysisk aktivitet ute i naturen året rundt**».



Visjon

«Hjellbakkane barnehage, eit trygt fellesskap i samhandling med kvarandre og naturen».

Visjonen vår er tufta på natur- og friluftsliv. Gjennom å vere i samspel med naturen og kvarandre, ynskjer vi at barna i Hjellbakkane barnehage skal oppleve leik og meistring. Dei skal få høve til å undre seg over det som skjer i naturen i dei ulike årstidene, og dei skal få erfare korleis vi bygger glede og omtanke for miljøet og naturen rundt oss. Vi ynskjer at barna skal få gode opplevingar i naturen.

Verdiar

Verksemda vår er forankra i barnehagelova og rammeplanen. Vi er opptekne av korleis vi kommuniserer og samhandlar med kvarandre i kvardagen. Leik og fysisk aktivitet er berande element i Hjellbakkane barnehage. Barndomen har sin eigen verdi der kvar einskild får høve til å vere barn ut frå sine eigne premisser. Vi ynskjer å skape gode haldningar kring klima og miljø frå tidleg barndom når vi ferdast ute, og vi legg vekt på dei små hendingane og opplevingane i kvardagen knytt til korleis vi tek vare på miljøet vårt.

«Til barnets beste» er eit grunnleggjande omsyn i Hjellbakkane barnehage, der alle skal oppleve at dei blir sett og anerkjend for den dei er.

«Barns medverknad» er eit anna grunnleggjande omsyn hos oss, der barna får moglegheit til å påverke sin eigen kvardag, mellom anna gjennom undring og nysgjerrigkeit. Vi legg vekt på ei heilsakapleg tenking kring omgropa **«omsorg»**, **«leik»**, **«dæring»** og **«danning»**.

God omsorg er ein grunnleggjande føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel i kvardagen. Når dei er trygge i sine omgjevnader, kan dei leike og utfalde seg i lag med kvarandre. Gode opplevingar i leik og samhandling med andre barn dannar

ein godt grunnlag for læring og danning. Gjennom å nytte tryggleikssirkelen i arbeidet vårt vekslar vi mellom desse områda heile dagen – sjå biletet vedlagt).

Profil

Hjellbakkane barnehage er ein av dei eldste friluftsbarnehagane i Norge. Vi ynskjer å vere tydelege på kvifor og korleis vi jobbar i og med naturen i ulike omgjevnader og til ulike årstider. Klima og miljø er naturlege tema i vårt daglege virke. Vi ynskjer i perioden å implementere og forankre FN sine bærekraftmål i verksemda vår (sjå biletet om FN sine bærekraftmål).

I Hjellbakkane barnehage seier vi at alt vi kan gjere inne, det gjer vi ute.

«Skogsmulle» har vært «ledestjerne» i barnehagen i over tre tiår. Han kjem ofte med nye tankar kring spørsmål om naturen og korleis vi tek vare på miljøet vårt. Saman med Skogsmulle og venane hans Fjellfina, Laxe og Nova, bygg vi historier kring det vi gjer i barnehagen. Vi summerer det opp i vår eigen
«Skogsmulpedagogikk» der vi ynskjer å skape ei trygg og kjend ramme kring det vi gjer i barnehagen.

Uteområdet i barnehagen

Hjellbakkane barnehage har fire naturområde i barnehagen; «Gamleskogen» og «Mulleskogen», «Hagen vår» og «Akebakken». I «Gamleskogen» ovanfor barnehagen har vi mellom anna ei grindløde med innlagt straum og varme lampar, som vi nyttar til å varme oss litt på våte eller kalde dagar. Løda er bygd i gamal stil, og er stor nok til ulike aktivitetar og til målides. Nokre gongar et vi varm mat som er tillaga på bållassen utanfor løda.

Vi har ikkje så mange tradisjonelle leikeapparat i barnehagen. Vi ynskjer heller at barna skal lære seg å nytte skogen og naturen til leik og fantasi. Barna har rom for å medverke i utforminga av uteområdet vårt gjennom å ta del i ulike prosjekt.

"Mulleskogen" er eit område vi ikkje eig (på lån frå Volda kommune). Området er gjerda inn, og det er i praksis ein del av uteområdet vårt. Vi har ikkje tradisjonelle leikeapparat i «Mulleskogen», men vi har fått lov til å sette opp ei hytte på området, som vi kallar «Mullehytta». Vi nyttar dette skogsområdet til å gje barna opplevingar og erfaringar med naturen gjennom å oppdage og skape leik og aktivitetar ut frå dei moglegheitene området gjev. Det meste av uteområdet i Hjellbakkane barnehage ligg i eit ulendt terreng der barna får utfordra sine motoriske ferdigheitar i tidleg alder.

Å ferdast ute, meistre og nytte naturen på ein gode måte er sentrale målsettingar i vårt arbeid.

Turar

Turar er ein sentral aktivitet i barnehagen sin friluftsprofil. I Hjellbakkane barnehage er ei eller fleire grupper på tur kvar dag. Turane våre går ofte til områder i nærmiljøet vårt kring Bratteberg – Vikebygda. Her får vi andre naturopplewingar enn dei vi får i uteområda i barnehagen. Vi har alltid eit fokus på miljø når vi ferdast ute i naturen, til dømes tar vi med oss søppel og ting andre kastar frå seg. Vi meiner det er viktig å vise barna at vi tek ansvar for naturen og omgjevnadane vi ferdast i, dette gjev meir trivsel for alle.

Hjellbakkane barnehage har eigen minibuss som gjev oss høve til å reise ut på lengre turar, mellom anna til andre turmål både i Volda og Ørsta. Det gjev oss høve til å velje ulike plassar der vi kan oppleve både skog, fjæra og «fjelltoppar». Vi har også ein liten båt ved Rotevatn.

Uteveker

Hjellbakkane barnehage har dei siste åra utvikla ein praksis med å flytte heile barnehagen ut i naturen. Vår visjon handlar om å få kjennskap til, og ferdast i naturen året rundt. Kvart år flyttar vi difor heile drifta ut i fire veker, ei veke om hausten, ei veke om vinteren og to veker om våren. Alle barna tek i utgangspunktet del i vekene om hausten og våren, men dei yngste barna har vinterveka si i barnehagen. Vi har to leirplassar til utevekene våre – Skinstøylen (Vassbotn) og Dalen – som både barn, foreldre og tilsette har blitt kjende med.

Utevekene i Hjellbakkane barnehage er «vanlege» veker, der foreldra leverer og hentar barna der vi held til. Vi har dei same opningstidene, og leirplassen blir difor barnehagen si avdeling desse vekene.

På leirplassen nyttar vi hengekøyer og vi har moglegheit til å sette opp to lavvoar og ein gapahuk der dei yngste barnasov på reinsdyrskinn. Eit av høgdepunkta i utevekene er servering av eit varmt måltid kvar dag. Det smakar ekstra godt med mat frå bålpanna når vi er ute i naturen, og det er god stemning og trivsel rundt måltida.

Vi legg vekt på å gje god informasjon til foreldra i førebuingane våre. Det er lurt å tenkje praktisk og vere budd på all slags vær, når vi skal vere ute i skogen ei heil veke, og det krev litt ekstra av foreldra å følgje med på kva som må vere med frå dag til dag. I dei ulike vekene har vi større rom for undring og opplevingar i naturen frå tidleg morgen til sein ettermiddag. Vi tek alltid omsyn til kva barna er opptekne av der og da.

I vinterveka kan det bli mykje leik i snøen, gå på ski og ake. På kalde dagar er det mogleg å varme seg i ein av lavvoane våre mellom aktivitetane, der vi har moglegheit til å ha vedfyring i omn. Dei yngste barna har eige opplegg i barnehagen denne veka.

Organisering

I Hjellbakkane barnehage jobbar vi mykje i grupper. Det gjev gode føresetnader for å sjå det einskilde barnet og korleis dei utviklar seg individuelt og i lag med andre barn. Heile barnegruppa er delt i ein stor og ein liten base. På basane deler dei seg litt ulikt, knytt til alder eller andre omsyn. Gruppene endra namn august 2023, for å synleggjere figurane frå vår pedagogikk betre. Og for ha eit større fokus på at Skogsmulle pedagogikken skal opp i dagens lys og vere ein del av det vi gjer kvar dag.

Liten base: 0 – 2 år:

- Skogsknøtta (1 åringar)
- Skogsmulle (2 åringar)

Stor base: 3 – 6 år:

- Fjellfina (3 åringar)
- Laxe (4 åringar)
- Nova (5 åringar)

Årsplan – årshjul

Alle barnehagar skal utarbeide ein årsplan. I Hjellbakkane barnehage er årsplanen førande for det basane tar utgangspunkt i når dei planlegg for dei ulike vekene / månadene. Årsplanen skal ligge føre tidleg på hausten, og skal godkjennast av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Rutinar og opplegg i løpet av eit år er satt opp i eit årshjul. Der legg vi inn datoar for bestemte aktivitetar gjennom året, og tar det med vidare i våre planar.

Progresjon

Progresjon er eit omgrep vi nyttar knytt til kva og korleis vi jobbar i dei ulike gruppene – og visar til fagområda seinare i planen.

Vårt mål er å ha ein progresjon der dei minste barna startar i barnehagen, for deretter å bevege seg lengre og lengre vekk frå barnehagen på tur. Vi trillar og går tur ut i frå barnas forutsetningar, trua på seg sjølv og sin evne og tryggleik på omgivnadane. Målet med turane på liten base er at det skal vere kjekt, høg meistring og å lære saman med naturen.

Når barna byrjar på stor base verte det moglegheit for bussturar og ein bevegar seg enda litt lengre vekk frå barnehagen på turane. Det skal vere ein naturleg progresjon der ein ser på kvar enkelt barnegruppe si meistring, tryggleik og behov. Mot slutten av året tek nokre av gruppene ein tur til eit mål dei har jobba mot heile året, ved å auke lengd og vanskeleg-grad på turane. Denne turen verte då eit mål, noke spesielt og ei stor meistring for barna.

Tilvenning i barnehagen


Det står skrive i Rammeplan for barnehagen at barnehagen i samarbeid med foreldra skal legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til dei andre barna på gruppa. Når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida slik at barnet kan oppleve tilhøyrssle og tryggleik til å leike, utforske og lære i fellesskap.

May Britt Drugli hevdar at små barn treng tid til å finne seg godt til rette i barnehagen. Drugli oppfordrar til å vektlegge gode kvardagar, kvardagsrutinar, samspel og relasjonar. Nærleik, omsorg og stimulering i kvardagssituasjonar er barnehagekvalitet for dei yngste barna, og særleg dei første månadane etter at

barna har byrja i barnehagen (<https://www.barnehage.no/tekst-og-video-tilvenning/her-er-may-britt-druglis-tips-til-barnehagestart-for-ettaringen/127821>)

I Hjellbakkane barnehage skal vi:

- Setje av god tid til tilvenning for alle barn – med barnas beste i tankane
- Gi føresette informasjon om barnehagen sine rutinar for oppstart og tilvenning.
- Før oppstart i barnehagen vil føresette få informasjon om barnehagen sine tankar knytt til tilvenningsprosessen
- Ha primærkontakt ved oppstart for alle barn
- Tett dialog med barna sine føresette i tilvenningsperioda
- Gjennomføre oppstartssamtale
- Legge til rette for ein trygg og god start uansett kva tid på året barnet byrjar i barnehagen



Overgang frå barnehage til skule.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å byrja på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dem eit godt grunnlag og motivasjon for å byrja på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evne. Barna skal få bli kjend med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/overganger/overgang-skole/>)

Omsorg og danning

Vi ynskjer at borna i Hjellbakkane barnehage skal høyre og erfare at dei er gode nok, og at vi skal sette pris på ulikskapar, både i form av ferdigheiter og utsjånad. Gjennom å arbeide med Forut sin aksjon om fokus på andre kulturar synleggjer vi både ulikskapar og likskapar. Vi markerer også Samefolkets dag ved å ha tema knytt til den samiske kulturen. Vi meiner det er ein viktig del av kulturarven å kjenne til samane og andre minoritetar si historie. Det er også viktig å kunne sjå seg sjølv og sin eigen kultur opp mot andre sine kulturar. I dette ligg det mykje god læring, og ein toleranse for at vi er ulike.

Gjennom ei bevisst haldning til at vi har kjønnsnøytrale leiker, og hovudsakeleg legg vekt på naturmateriale som leikemateriell, har vi eit bevisst fokus på ikkje å vektlegge kjønn, men gje like føresetnader i leiken.

Vi ynskjer at barna skal vere stolte av å komme frå Volda, og kjenne til både natur, kultur og nærområda i heimstaden sin. Med bussen vår kan vi komme oss rundt i eit større geografisk område, og bli kjend med nye stadar. Det skaper samhald i barnegruppa og også kjennskap til Volda som bygd.

Vi ynskjer å bidra til korleis vi syner omsorg for kvarandre. Vi snakkar mykje i kvardagen om korleis ein skal vere mot kvarandre, og om korleis vi sjølve ynskjer å behandlast. Barna skal få erfaring i å sette ord på eigne meininger, lytte til andre born, ta omsyn til kvarandre, øve på å sette egne grenser, og respektere andre sine grenser. Her er leiken ein viktig arena, som krev at dei vaksne er tett på barna og dei ulike hendingane.

I Hjellbakkane barnehage ynskjer vi å få til å vere godt bemanna gjennom heile dagen. Det er ein føresetnad for å kunne dele gruppa så mykje som vi gjer, og at det er med på å sikre at det einskilde barnet både blir sett og får den merksemd dei har krav på. Vårt mål er at barna i Hjellbakkane barnehage skal utvikle ein god sjølvkjensle, at vi lærar av kvarandre og å vere opptatt av kva som røra seg hjå barna.

Barna sin medverknad

I Hjellbakkane barnehage legg vi til rette for at barna skal få vere med å påverke sin eigen kvardag ut i frå eigne føresetnader, behov og interesser. For å lukkast med dette må dei tilsette vere observante og engasjerte i det barna ytrar seg om. Dei må vere medvitne om det som skjer både i høve det einskilde barnet og i gruppa. Dei eldste barna kan uttrykke seg gjennom dialog, medan dei yngste barna kommuniserer og uttrykker seg meir gjennom kropp og rørsle. Barna sine interesser og det dei er opptekne av kan vere starten på ei samling eller tema. Barna kan velje tema eller innhald i sin leik, og på den måten skape sin eigen leikekultur ut frå sine eigne premisser.

Leik

I Rammeplan for barnehagen står det skrive at “Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng” (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.7).

Med dette som grunnlag vel vi i Hjellbakkane barnehage å setje av god tid og rom for leik i kvardagen. Vi ynskjer at tilsette skal ha ei høg og lik (felles) forståing av leiken sin betydning og eigenverdi, også i høve barna sin alder. Vi må sjå og møte barna i leiken der dei er. I uteområdet vårt har vi berre leike i sandkassa og på framsida av barnehagen. Dette gjer vi med ynskje om at barna i større grad skal bruke kroppen og fantasien sin når vi er ute i skogen. Fantasi og utforskarglede er omgrep vi legg vekt på når vi «leitar etter ting i naturen» eller i den daglege leiken.

Risikoleik

Leker med risiko – slik vil de gjøre dem til trygge voksne (barnehage.no)

I Hjellbakkane barnehage får barna spenning og utfordringar for å utvikle seg og bli sjølvstendige og robuste. Gjennom å klatre, balansere og hoppe vert barna kjent med eigen kropp og sine grenser. I leiken er spenning og uforutsigbarheit viktige ingrediensar, i Hjellbakkane barnehage er dei tilsette bevisste på dette og vi gir barna utfordringar og moglegheiter ut i frå deira sine forutsetningar.

Vennskap og sosial kompetanse

Vennskap er ein kjerneverdi i Hjellbakkane barnehage. I Hjellbakkane barnehage ser vi mange formar for vennskap. På dei yngste gruppene ser vi at det skapast venskap i møta mellom barna, eller når dei skaper meiningsaman. Det er ofte mykje humor i møta mellom de minste barna. I Hjellbakkane barnehage ynskjer vi

å ha rom for å skape gode vennskap. Vi snakkar om at vi kan ha fleire gode vener.

Professor Anne Greve seier at vennskap handlar om eit felles vi og det som oppstår i møte mellom eg og den andre. Det må vere prega av gjensidigkeit.

Når barna blir litt større handlar det mykje meir om ulike venskap. Det er mykje glede, men det kan også vere fylt av konfliktar. Det handlar om å skape meiningsaman og interessene kjem tydelegare fram. I kvardagen jobbar vi mykje med sosial kompetanse. Dette får barna erfare i barnehagen under god rettleiing frå det vaksne. Vi byggjer opp under eit godt sjølvbilete hos barna, og støtter dei på vegen til det å sjølv forstå korleis dei kan dekke både sine eigne behov og ta omsyn til andre» Hjellbakkane barnehage legg, gjennom ein bevisst profil, vekt på mykje natur- og friluftsliv. Vi ønskjer å skape mykje glede, utforsking, aktivitet og leik ute. Dette gjer rikeleg med situasjonar der barna leiker med kvarandre, og vi ser at det skaper mykje samarbeid i aktivitetane og i leiken. Barna bygg sosial kompetanse i naturlege omgjevnader

«*Alt stort som skjedde i verda, skjedde først i nokon sin fantasi*» (Astrid Lindgren).

Fagområde i barnehagen

I kvardagen i barnehagen arbeider vi med fleire fagområde om kvarandre. Fleire fagområde er ofte representert i same tema. Barnehagen må syte for at innhaldet i barnehagen er forankra i alle fagområda. Vi er ein natur- og friluftsbarnehage, og det er naturleg for oss å legge vekt på miljø, natur og friluftsliv. Verksemindsplanen skal synleggjere korleis vi tenkjer i høve val av innhald og opplegg i Hjellbakkane barnehage, mellom anna korleis vi jobbar med progresjon i høve dei ulike aldersstega.

Natur, miljø og teknologi

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina /Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Bli kjend med Skogsknøtta 1 turdag i veka <u>Uteveke:</u> Haust / vår Vinterveke i barnehagen	Bli kjend med Skogsmulle 1-2 turdagar i veka <u>Uteveke:</u> Haust / vår Vinterveke i barnehagen	Bli kjend med Laxe og Fjellfina 2 turdagar i veka Moglegheit for busstur Uteveke: Haust / vinter / vår	Bli kjend med Nova 2 turdagar i veka Moglegheit for busstur Uteveke: Haust / vinter / vår
Bli kjend med og utforske naturområdet i barnehagen og nærområdet (sanse / ta og føle på / smak og lukt) Årstid og vær Aking i barnehagen	Bli kjent med nærmiljøet Sovetur og mat på tur Årstid og vær Aketur	Dra på lengre turar - med bussen vår Årstid og vær Fjellfina: Aketur Laxe: Ski- og aketur	Dra på lengre turar og utvidar kretsen sin Årstid og vær Ski- og aketur
DØME: Bli kjend med naturmateriale - Insekter - Fuglar - Blomstrar - Tre - Bær	DØME: Bli kjend med skogen / dyr / spor / materiale - Rovdyr - Fuglar - Blomstrar - Tre - Bær	DØME: Dyr i skogen / spor / naturmateriale - Rovdyr - Fisk og sjødyr - Kval - Matauk, bær - Trær / blomstrar - IKT: Artsorakelet (APP)	DØME: Dyr i skogen / spor / naturmateriale - Rovdyr - Fisk og sjødyr / fugl - Kval - Matauk, bær - Trær / blomstrar - IKT: Artsorakelet (APP)
Leik og fantasi Bli glad i naturen	Leik og fantasi Bli glad i naturen	Leik og fantasi Bli glad i naturen	Leik og fantasi Bli glad i naturen
Introduksjon til å ta vare på naturen og miljøet Plukke søppel	Korleis ta vare på naturen og miljøet Plukke søppel	Søppel og plast i havet Ansvar for naturen Erfare at vi påverkar naturen og miljøet Plukke søppel	Søppel og plast i havet Ansvar for naturen og finne løysingar saman. Erfare at vi påverkar naturen og miljøet Plukke søppel

Problemstilling: korleis kan barnehagen arbeide med FN sine bærekraftmål?

Kommunikasjon, språk og tekst

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina / Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Bli kjend med Skogsmulle og skogsknøtta gjennom bilete, song og historier	Bli kjend med Skogsmulle gjennom bilete, song og historier	Bli kjend med Fjellfina og Laxe gjennom bilete, song og historier	Bli kjend med Nova gjennom bilete, song og historier
Tidleg blikk på omgrep Påkledning Materiale og utstyr vi har rundt oss Materiale vi finn ute Songar, songleikar, peikebøker, regler	Utvida blikk på omgrep Eventyr / fortellingar / historier Gjentaking Rim og regler Songleik og regelleik ute	Regelleik ute	Bruk av tekst utan bilete; utvide fantasi. Kapittelbøker Regelleik ute
Sette ord på Nytta konkretar Gjentaking	Undring i naturen med barna Samtalar på vegen Samlingar ute	Undring i naturen med barna Samtalar på vegen Samlingar ute Høgtlesing	Undring i naturen med barna Samtalar på vegen Samlingar ute Høgtlesing
Språkleg aktive vaksne Bevisstheit på språk Nytte rutinesituasjonar til samtalar med barna	Språkleg aktive vaksne Bevisstheit på språk Nytte rutinesituasjonar til samtalar med barna	Språklig aktive vaksne Bevisstheit på språk Gode samtaler under måltid og påkledning Øve på å fortelje og lytte til kvarandre	Språklig aktive vaksne, Bevisstheit på språk Daglegdagse samtaler i kvardagen Øve på å fortelje og lytte til kvarandre
Høgtlesing Musikk Tilgjengelege bøker	Høgtlesing Musikk Tilgjengelege bøker	Høgtlesing og eventyr Lydbok Tilgjengelege bøker	Høgtlesing og eventyr Lydbok Tilgjengelege bøker
Følelsar: Trist / glad / sint Kroppsspråk	Følelsar: Trist / glad / sint Kroppsspråk	Utvide spekteret av følelsar Bevisstheit rundt kroppsspråk	Utvide spekteret av følelsar Bevisstheit rundt kroppsspråk
Støttande vaksne i konflikthandtering	Støttande vaksne i konflikthandtering	Konflikthandtering	Konflikthandtering. Sjå / kome med eigne løysingar
Beskrivande kommentarar	Beskrivande kommentarar		Årleg utstilling > Aasentunet Utg(pkt i ei bestemt bok Språksprell på førskulegruppe

Kropp, rørsle, mat og helse

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina / Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Rutinar kring måltida; både i bhg og på tur. Gode vaner for hygiene og måltid. Nok vaksne med barna	Rutinar kring måltida; både i bhg og på tur. Gode vaner for hygiene og måltid. Nok vaksne med barna	Rutinar kring måltida; både i bhg og på tur. Gode vaner for hygiene og måltid. Nok vaksne med barna	Rutinar kring måltida; både i bhg og på tur. Gode vaner for hygiene og måltid. Nok vaksne med barna
Bursdagsmat: borna får velje frå ein sunn bursdagsmeny	Bursdagsmat: borna får velje frå ein sunn bursdagsmeny	Bursdagsmat: borna får velje frå ein sunn bursdagsmeny	Bursdagsmat: borna får velje frå ein sunn bursdagsmeny
Ute kvar dag (formiddag) Ein turdag i veka Vurdere soveturar på våren Kviletid i barnehagen	Ute kvar dag. Turdagar i ulendt terreng- Motorikk Soveturar Kvile i barnehagen	Ute kvar dag Turdagar i ulendt terreng, kroppskontroll og motorikk Hinderløype / ulike akt Vinter – ski / ake Finmotoriske akt; blyantgrep / klippe	Ute kvar dag Turdagar i ulendt terreng, kroppskontroll og motorikk Hinderløype / ulike akt Vinter – ski / ake Finmotoriske akt; blyantgrep / klippe
Kjend med kroppen Song / rørsle Ferdast i ulendt terreng Likskap/ulikskap	Kjend med kroppen Utvide omgrep med song / rim / regler Ferdast i ulendt terreng Likskap / ulikskap(dyr) Lære borna å sette egne grenser Gje barna alternativ	Utvide omgrep i høve kropp «Sjef over eigen kropp». Sette egne grenser, respektere andre sine grenser	Kroppen / organ «Sjef over eigen kropp». Sette egne grenser, respektere andre sine grenser
Motoriske utfordringar Nytte naturområda i og rundt barnehagen Barna skal oppleve vaksne som gjer tilstrekkeleg hjelp Kjenne på eigne grenser i høve utfordring / meistring	Motoriske utfordringar Nytte naturområda i og rundt barnehagen Barna skal oppleve vaksne som gjer tilstrekkeleg hjelp Kjenne på eigne grenser i høve utfordring / meistring	Motoriske utfordringar Nytte naturområda i og rundt barnehagen Barna skal oppleve vaksne som gjer tilstrekkeleg hjelp Kjenne på eigne grenser i høve utfordring / meistring	Motoriske utfordringar Nytte naturområda i og rundt barnehagen Barna skal oppleve vaksne som gjer tilstrekkeleg hjelp Kjenne på eigne grenser i høve utfordring / meistring
		Klede i høve årstid (påkledning) Kjenne på varme/kulde Korleis verker kulde på kroppen / kva gjer mat med kroppen	Klede i høve årstid (påkledning) Kjenne på varme/kulde Korleis verker kulde på kroppen / kva gjer mat med kroppen

Kunst, kultur og kreativitet

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina/ Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Markering av barnehagedagen	Markering av barnehagedagen	Markering av barnehagedagen	Markering av barnehagedagen
Markering av Forut aksjonen Samefolkets dag 17 mai / jul / påske	Markering av Forut aksjonen Samefolkets dag 17 mai / jul / påske	Markering av Forut aksjonen Samefolkets dag 17 mai / jul / påske	Markering av Forut aksjonen Samefolkets dag 17 mai / jul / påske
Nynorsk litteratur	Nynorsk litteratur	Nynorsk litteratur	Nynorsk litteratur
Bilete / peikebøker Skape noko av naturmateriale ift tema, litteratur og høgtider	Skape noko av naturmateriale ift tema, litteratur og høgtider	Barnekultur, holde oss oppdatert av kva som opptar borna og tilpasse opplegg til dette	Barnekultur, holde oss oppdatert av kva som opptar borna, og tilpasse opplegg til dette
Måling, tilpassa utstyr, bruke kroppen og sansane	Måling og fargelære Ta i bruk sansar, kroppen og ulikt materiell i måling	Tilgjengeleg materiell, perler / blyant / ark	Tilgjengeleg materiell, perler / blyant / ark
Musikk, dans, regler og song med rørsle / rytmefølelse Rytmeinstrument	Songleik, musikk, dans og leikarring Song og instrument	Lære om fortid gjennom samtale og aktivitet	Besök på Aasentunet Tunkatten (Lurivar) sitt bibliotek ute, Haualeite museum / ulike kulturtildelser i Volda
Bli kjend med rytmeinstrument	Kroppen som instrument	Introduksjon til enkel dramatisering	Temabasert dramatisering / framsyning for barnegruppa
Sanse / kjenne på Visuelle utsyn og inntrykk			

Mengd, rom og form

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina/ Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Puttekasser med geometriske former	Puttekasser med geometriske former	Telle i kvardagen under måltid og leik Eventyr / historier / tal storleikar DØME: Geitekillingen	Nova - verdsrommet Planetar og anna
Puslespel Byggeklossar	Puslespel Byggeklossar	Kjennskap til enkle matematiske omgrep	Kjennskap til enkle matematiske omgrep
Kropp som instrument Sansar til å forstå rom	Kropp som instrument Sansar til å forstå rom	Kjennskap til enkle matematiske omgrep	Sjå etter omgropa i kvardagen: sirkel, trekant, firkant, firkant m.fl.
Bruk av preposisjonar; over/under/ved sia av	Bruk av preposisjonar; over/under/ved sia av	Sjå etter omgropa i kvardagen: sirkel, trekant, firkant, rektangel	Sortere, erfare og samanlikne storleik i omgjevnadane DØME: skilt, vindauge
Telle i det daglege. Nytte mengde og tal i fellesskap	Telle i det daglege. Nytte mengde og tal i fellesskap Byrjande forståing for mengde, liten og stor	Sortere, erfare og samanlikne storleik i omgjevnadane våre DØME: skilt / vindauge	Konstruksjonsleik Magnetar / jovo / lego / perler
Duplo Magnetar	Konstruksjonsleik Duplo, magnetar Store perler	Konstruksjonsleik Magnetar / jovo / lego / perler	Nytte kroppen til å visualisere storleik / lengde / bredde
Historier med tal/telle	Spel Historier med tal / telle	Ansvarsoppgåver	Ansvarsoppgåver
Sanseleik Naturmateriale	Ansvarsoppgåver Sanseleik / Kims leik Naturmateriale Naturbingo	Sanseleik / Kims leik Naturmateriale Storleik på blad / blomar Ulike spel, telle terning Storleik	Telle i kvardagen / måltid / leik / Eventyr / historier Tal og storleik Ulike spel, telle terning Storleik

Nærmiljø og samfunn

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina / Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Markering av Samefolkets dag	Markering av Samefolkets dag	Markering av Samefolkets dag Kjennskap til minoritetar i Norge	Markering av Samefolkets dag Kjennskap til minoritetar i Norge
Markering av 17.mai	Markering av 17.mai	Markering av 17.mai	Markering av 17.mai
Markering av Forut og FN dagen	Markering av Forut og FN dagen	Markering av Forut og FN dagen	Markering av Forut og FN dagen
Bilete av familien min Bli kjend med nærmiljøet til barnehagen ved å gå tur	Bilete av familien min Ulike familieforhold Bli kjend med nærmiljøet til barnehagen ved å gå tur	Øve på å lytte til kvarandre, diskutere og forhandle i kvardagen og på samlingsstund Ulike familieforhold (bøker / plakatar) Utvide kjennskap til Volda - stadar Bibliotek	Øve på å lytte til kvarandre, diskutere og forhandle i kvardagen og på samlingsstund Ulike familieforhold (bøker / plakatar) Utvide kjennskap til Volda - stadar Bibliotek
Kjønnsnøytrale leiker	Kjønnsnøytrale leiker	Kjønnsnøytrale leiker (Rosa kompetanse)	Kjønnsnøytrale leiker (Rosa kompetanse)

Etikk, religion og filosofi

Skogsknøtta (1-2 år)	Skogsmulle (2-3 år)	Fjellfina / Laxe (3-4år)	Nova (4-5 år)
Legge til rette for gode haldningars - ta vare på naturen og kvarandre. Rydde søppel.	Legge til rette for gode haldningars - ta vare på naturen og kvarandre. Rydde søppel.	Auke forståing for at vi påverkar naturen og miljøet rundt oss Rydde søppel	Auke forståing for at vi påverkar naturen og miljøet rundt oss - rydde søppel
Forutaksjon / ulikskap / likeverd.	Forutaksjon / ulikskap / likeverd.	Forutaksjon / ulikskap / likeverd Vidareutvikle takksamhet for korleis vi lever i Volda / Norge	Forutaksjon / ulikskap / likeverd Vidareutvikle takksamhet for korleis vi lever i Volda / Norge
Tidleg erfaring med andre kulturar.	Tidleg erfaring med andre kulturar.	Erfare korleis vi kan gje hjelp /omsorg	Erfare korleis vi kan gje hjelp / omsorg
Hjelpe kvarandre. Vere gode mot kvarandre.	Hjelpe kvarandre. Vere gode mot kvarandre.	Mangfold i barnegruppa og i samfunnet	Mangfold i barnegruppa / samfunnet
«Min kropp»	“Min kropp”	«Sjef for eigen kropp» Seie i frå / førelsar	Verdsrommet - Nova Filosofiske sp.mål om kven vi er / kjem frå

	Grenser/respektere andre sine grenser.	Sjå seg sjølv i eit fellesskap / samanheng	«Sjef for eigen kropp». Seie i frå / førelsar Sjå seg sjølv i eit fellesskap /samanheng Markere høgtid i Volda kyrkje – jul / påske (alternative opplegg)
--	--	--	---

Foreldrearbeid.

Hjellbakkane barnehage er indirekte eid av foreldra. Dei kan, ut frå vedtektene i stiftinga og retningslinene for styret sitt arbeid, bestemme meir enn det rammeplanen pålegg barnehagane i høve foreldresamarbeid. Stiftinga Hjellbakkane Barnehage driv ein ideell barnehage med eit ideelt føremål. Stiftinga har eit styre, som er satt saman av medlemmar frå foreldra og ein representant frå dei tilsette. Styrar er dagleg leiar av barnehagen, og førebur sakar for styret og stiftinga.

I rammeplan for barnehagar står det at «barnehagen skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg».

I Hjellbakkane barnehage er kontakta og samarbeidet med foreldra eit grunnleggjande prinsipp. Vi ynskjer å legge til rette for eit godt samarbeid med foreldra frå den dagen barnet startar i barnehagen. Tillit skapast gjennom gode prosesser knytt til å dele forventningar, praktiske spørsmål, avklaringar knytt til barna sine individuelle behov, og korleis gruppa og basen jobbar i kvardagen. Godt samarbeid skapast over tid, men grunnlaget for dette ligg i å skape ein gjensidig forståing for at dette er viktig, både for foreldra, dei tilsette, og ikkje minst for barna.

Vi meiner dette er ei føresetning for at barna skal trivast i barnehagen, og at foreldra kan vere trygge på den plassen dei leverer barna sine kvar einaste dag.

Det er også viktig for at vi kan gje foreldra moglegheit til å handle saman med dei tilsette kring det det vi skal gjere på gruppene dei ulike vekene, og at det er rom for at dei tilsette kan få informasjon om korleis det einskilde barnet har det når dei kjem i barnehagen.

Gode miljø skapast gjennom openheit, dialog og respekt for ulike meininger.

Vi ynskjer, gjennom kommunikasjonsverktøyet «KidPlan», å leggje til rette for god dagleg kommunikasjon. Vi gjennomfører foreldremøte i tråd med det rammeplanen seier, og vi gjev tilbod om individuelle samtalar med foreldra. Vi har ulike arrangement og dugnadar der foreldra og andre tar del, og vi ynskjer foreldra velkomne til å ta del i kvardagane våre dersom dei har lyst til det.

Av formelle ordningar, forankra i rammeplanen, har barnehagen eit foreldreråd (FAU) og et samarbeidsutval (SU). I foreldrerådet har alle foreldra kvar sin stemme, medan i samarbeidsutvalet sit det to representantar frå foreldra, og to representantar frå dei tilsette med vara. SU skal vere eit samordnande organ mellom barnehagen og foreldregruppa, og veljast kvart haust.